

- Takk for eit fint studieår!

15.06.2010



Sunniva Tvedt spelar Bach saman med læraren sin, Elena Pasichnyk.

Etter ein snau times tradisjonell sommarkonsert for kulturskulen i Helgheim i kveld takka programleiar og lærar i klassisk gitar Thomas Haave Backe for eit fint studieår. Han roste elevane for å ha vore kjempeflinke og det var ikkje problematisk å slutta seg til den rosen.



Harald Myklebust Lekva spelar saman med lærar Anders Christensen

Dei unge har lært mykje på forbausande stutt tid og det gror ikkje minst godt etter Thomas. Det er ein imponerande gjeng med gitaristar som sit att etter han når han no takkar for seg og blir erstatta av Ingvald T. Nilsen-Nygaard frå 1. august.



Det er ein imponerande gitar-gjeng i Uskedalen-

Alle utdanningsnivå var representert under konserten, frå dei som har vorte elevlar for stutt tid sidan til dei som har spela ei stund og vorte svært flinke. Ein av dei siste er fiolinist Sunniva Tvedt, soim spela eni Bach-konsert suverent saman med læraren sin, Elena Pasichnyk.



Tre på fiolin og ein på cello: Saima Kristine Døssland, Ella S. Gertz, Ronya Lakselv og Sander Ellian F. Helleland.

Det var det klare høgdepunktet under konserten og nummeret vart da også belønna med trampeklapp. Men det fine avslutningsnummeret 'Ballade' til gitarduoen Hermund Døssland og Johannes Taranger klang også lenge i øyro. Opninga av konserten gjorde også inntrykk. Der stilte 9 gitarelevar opp saman med læraren sin.

Og kvartetten Eivind Bjørnebøle, Andreas Hjelmeland, Vegard Ripel og læraren spela ein dans av Haydn firstemt og fint..

Av Ola Matti Mathisen